

Hordaland fylkeskommune
v/ konst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd

Leirvik 13. mars 2017

Søknad om ekstraordinært tilskot frå Hordaland fylkeskommune

Sunnhordland museum (SM) har hatt store økonomiske utfordringar som følger av utgiftene med underavdelinga Stord maritime museum (SMM) over svært mange år. SM sitt styre har vedteke budsjett for 2017. Den økonomiske situasjonen er særskilt krevjande og styret finn ikkje at budsjettet er forsvarleg verken på kort eller lang sikt, men har funne budsjettet forsvarleg under vilkår av at ein arbeidar for å få inn midlar. Styret har vedteke å søkje om ekstraordinært tilskot frå Hordaland fylkeskommune (HFK).

SM viser til møter med fylkeskommunen, løpende dialog og til oversendt informasjon.

Det er styret si erfaring at SM over tiår har vore generelt underfinansiert og at dette år for år har forverra situasjonen. Dette er også kjent i andre instansar. Museet har hatt ei utvikling der museet sakta men sikkert har blitt tappa ned, i staden for å bli rusta opp og styrkja som regionsmuseum. HFK har sjølv teke denne spesifikke problemstillinga opp med kommunane i Sunnhordland og vertskommunen Stord, til dømes i brev av 25.07.2005 (sjå vedlegg).

SM har i fleire år varsla HFK og vertskommunen Stord kommune (SK) om museumsfaglege og driftsøkonomiske utfordringar ved underavdelinga SMM og samarbeidsavtalen med eigarstiftinga. SM har no avslutta samarbeidet og flytta frå lokala. Prosessen har over mange år vore ressurskrevjande og overbelasta økonomien. Den negative drifta ved SMM har dei siste åra gitt tap på fleire millionar kroner. Saka fekk i 2016 ei eskalerande negativ utvikling på mange felt. Føremål med å varsle HFK og SK har vore å kunne komme i posisjon til å betre ivareta det regionale ansvaret for den maritime industrihistoria, styrkje det regionale ansvaret elles og betra utfordringane med arbeidsmiljøet for våre tilsette.

Vinteren 2016 var det dialogmøte mellom SM, HFK og SK der SM la fram nysatsinga Sunnhordland maritime industrimuseum (SMI) og der SM la fram strategiar for korleis det vanskelige forholdet med eigarstiftinga kunne løysast. SM opplevde at ein i dialogen hadde full støtte i høve etableringa og prosessane som gjekk i saka i regi av SM. Ein ser det som svært uheldig at SK i ettertid har gått aktivt inn i saka på ein måte som har vore til skade for museet. Ein går ikkje nærmere inn på dette i vår søknad her, anna enn å påpeika at den tilspissa saka har ført til store ekstraordinære kostnader, som museet ikkje har hatt ressursar til å handtere.

1. Den akutte situasjonen førte med seg ekstraordinære kostnadane som mellom anna:

- Ekstraordinær tidsbruk til møteverksemd (store ressursar har vore bruka til førebuande møtearbeid, møter, etterarbeid ved møter, svare på politiske førespurnader SK mm.)
- Stor mengde ekstraarbeid og frikjøp av styreleiar
- Stor bruk av overtidsarbeid for konstituert dagleg leiar
- Alvorets karakter medførte at styreleiar ein periode sette krisestabfunsjon i styret

- Orienteringsarbeid og møteverksemd med HFK, reiser m.m.
- Ekstraordinære administrasjonsutgifter hjå SM, m.a. omdisponering av tilsette til andre oppgåver, for å bistå styreleiar og konstituert dagleg leiar
- Dagleg leiar, konservator og museumsrådgjevar har delteke i ekstraordinære møteprosessar i regi av stiftinga
- Ekstraordinære personalmøter
- Krav om offentleg innsyn i alle styrevedtak og tilhøyrande dokumenter, sett fram av SK og eigarstifting. Dette var svært omfattande og kom på svært uheldig tidspunkt
- Advokathonorar (kontraktar, namnsrettførebuande arbeid, varsling om utkasting, dokumentinnsyn, komitesak og kommunestyresak)
- Avviklingskostnader ved samarbeidsavtalen og utflytting, m.a. ekstratransport av eigarstiftinga sine innlånte gjenstandar, i SM sitt namn i kontraktar
- Ekstraordinær tidsbruk i samband med tøming av lokala (uønskja opplevingar og mykje meklingssituasjonar)
- Styremedlem oppnemnd av HKF måtte trekkja seg grunna inhabilitet, nytt styremedlem er valt. Vedkommande har arbeid i Oslo. HFK sin vara er busett i Lindås. SM har ikkje budsjettmidlar til å dekkje reiseutgifter av denne storleik
- Lista er ikkje uttømmande

Museet ser seg nøydde til å søkje om ekstraordinært tilskot for noko av dei påløpne utgiftene som nemnt over.

Advokathonorar, transport av gjenstandar	kr 51 000,-
Ekstraordinær tidsbruk	kr 356 000,-
Reiseutgifter (styremedlem lang reiseveg)	kr 48 000,-
Sum:	kr 455 000,-

2. Vedtak gjort av Stord kommune til ugunst og med konsekvensar for museet

Kommunestyret i Stord vedtok 22.11.2016 å gje tilskot på kr 620 000,00 til Sunnhordland museum for 2017. Dei formelle avtalar og oppseiing av desse var kjent for Stord kommune i lang tid før kommunestyret gjorde dette vedtaket. Styret i Sunnhordland museum vedtok budsjett for 2017, der tilskotet låg som inntektspost, i styrevedtak 08.12.2016.

Kommunestyret gjorde så eit nytt vedtak den 16.02.17, om å trekkja tilskotet attende. Museet hadde med rette også planlagt den økonomiske drifta, der desse inntektene var kalkulert inn. Eit slikt nytt negativt vedtak er til stor ugunst for SM og set museet i ein enno meir krevjande økonomisk stilling. Tilskotet vil Stord kommune bruke på den private stiftinga og venelaget deira.

3. Styrking av administrasjonen

Driftsadministrasjonen i museet utgjer ein person. Det er dagleg leiar. Fram til 2015 hadde museet ein administrasjon- og økonomileiar. For å kunne forsvare dagleg drift vedtok styret å nedbemannae museet og denne stillinga var den einaste som kunne fjernast. Det er av heilt avgjerande karakter at museet snarast kan gå til tilsetjing av ny stilling i administrasjonen. Det er ikkje forsvarleg å fortsetja

slik det har vore sidan oktober 2015. At administrasjonen har blitt redusert til under eit minimum er svært uheldig for museet. Direktør brukar uansvarleg mykje tid på andre oppgåver enn å leia. Ny direktør og ny konservator tiltar i april 2017. Det er særskilt viktig at desse får ein god start og at ein får stabilitet i leiinga av museet. Ein søker difor om midlar til ein 100% stilling for snarast tilsetting, for å avlasta direktør med administrative oppgåver.

Saka har over fleire år, og særskilt det siste året har vore svært ressurskrevjande og utmattande for dei tilsette. Det er viktig å gjere tiltak for å styrke arbeidsgleda og bidra til inspirasjon. Ein må difor aktivt bidra til å tilføra organisasjonen nye positive arbeidsretta opplevingar.

Som kulturinstitusjon har saka vore svært negativt for omdøme til SM. Det har vore negative mediaoppslag nesten kvar veke, og nokon gongar fleire gongar pr veke, sidan hausten 2016. Det er avgjerande viktig at ein no raskt set inn tiltak. Museet har ikkje midlar eller ressursar til det.

Museet ser seg nøydde til å søkje om ekstraordinært tilskot til:

100% stilling i administrasjonen i 6 månader i 2017	kr 300 000,-
Tiltak omdømmebygging for museet	kr 50 000,-
Arbeidsmiljøtiltak og faglig utvikling.	kr 100 000,-
Sum:	kr 450 000,-

Totalt søker Sunnhordland museum om kr 905 000,00

Museet har over mange år saldert store tap på drift av SMM gjennom budsjettet for regionmuseet. I det omsøkte i denne søknaden, har ein verifisert ekstraordinære kostnadane ut over det igjen, så nøyaktig som det var mogleg.

Styret vil understreke alvoret i situasjonen og ber om at fylkeskommunen snarast fattar eit naudsynt vedtak for å imøtekommne situasjonen, slik at ein kan bidra til arbeidsro i organisasjonen og til å stabilisere den svært sårbare økonomiske stillinga museet si leiing og styret møter dagleg.

Sunnhordland museum vil søkja om ei monaleg auke i tilskotet for 2018 og kjem attende til dette innan 01.04.2017.

Meir detaljert kalkyle og dokumentasjon kan bli sendt til dykk om ynskjeleg.

Med helsing

Signe Ekeland Per Øyvind Østensen

styreleiar konstituert dagleg leiar

Kopi:

Ronny Skaar – Hordaland fylkeskommune

Elisabeth Bjørsvik - Hordaland fylkeskommune

David J. Aasen Sandved - Hordaland fylkeskommune